

# HYRDINGEN



NR. 6

Desember 2019

ÅRGANG 61

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## Gledeleg Jul til store og små!



Borna lytta til Britt Karstensen i Vikebygd kyrkje 17. november.



Men Jesus kalla dei til seg og sa: "Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til"

Biskopen si julehelsing	2
Hundre år sidan Raunesulukka	2
Redaksjonspennen	3
Kristine Mæland til minne	3
Julekonsert i Skjold	3
Halloven	4

Diamantkonfirmantsamling	5
Gullkonfirmantar i Imsland	5
Fellesrådsleiaren sluttar	6
Flott konsert i Skjold kyrkje	7
Vikedal - ei levande kyrkje i førjulstida	8

Frå kyrkjboka	8
Halloween og jul i 2019	8
Støtteannonser	9
Gudstenester	10
Møte og arrangement	11
Gullkonfirmantar Skjold	12



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

#### **SOKNEPRESTANE:**

Mandag er prestane sin fridag

##### **Soknepresten i Ølen**

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

##### **Soknepresten i Skjold**

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Mobil: 905 23 560

kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

##### **Soknepresten i Vikedal**

Tsegayesus Hurisa Hunde

Vikedal kyrkjekontor

Kyrkjevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal

Tlf. 970 38 011

tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Torsdag 9 - 15

##### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### **Haugaland prosti:**

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknerådsleiarar:**

Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog

Ølen og Bjoa: Hanne Jorunn Aasen Risøy

Sandeid: Ragnvald Stople

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Elisabeth Stople Gregersen

## Biskopen si julehelsing

Anne Lise Ådnøy, Biskop i Stavanger bispedømme



# Del raust av den store gleda

Kan det bli for mykke av det gode? 'Evangelium' tyder «Godt nytt». Noko nytt har hendt i vår tid, sjølv om det er over 2000 år sidan. Det er like eineståande som at verda blei skapt. Gud blei menneske.

Nokon har bore ordet om dette fram til oss. Det starta med orda frå engelen: «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket».

Evangelistane vil ikkje vera nøytrale, dei vil påverka til tru. Matteus kallar Jesusbarnet Immanuel, Gud med oss. I dette namnet ligg heile juleevangeliet, både at Gud ER med oss, og at Gud er MED oss. Namnet blir ei slags programerklaring. Gud seier: Nå er eg med dykk same kva som skjer. Eit ekko av desse orda finn me i dåps- eller misjonsbefalinga, der Jesus seier: «Sjå, eg er med dykk alle dagar.»

Diktaren Heinrich Böll var ikkje nokon kyrkjeven, likevel sa han: «Eg trur at ei verd utan Kristus ville få sjølv ateistane til å lengta etter han. Kven andre kan slik som han lokka fram det beste i oss: Omsorga for det svake, trua på at det nyttar, at det går an å begynna på nytt.»

«Verden var aldri helt forlatt», syng artistar, skolebarn og kyrkjelydar i førfjultida. Takk Gud for det!

Denne røyrsla starta med orda frå engelen «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede». Nå fører Ordet om gleda oss vidare inn i mange spørsmål og ut i kvardagane. Korleis lever me evangeliet ut, korleis deler me tru?

Nei, det kan ikkje bli for mykke av det gode! Del raust av trua. Del raust av gleda. Det du gjev, gjer deg rikare.

Med ønske om ei velsigna julehøgtid!

# Hundre år sidan Raunesulukka

Av Øivind Jønsson

29. desember 1919 skulle nokre unge kvinner og menn frå Vats reise til Stavanger med rutebåten «Sandeid». Dei hadde vore heime og feira jul med familiene sine. Men isen i Vatsfjorden hindra båten i å gå inn til kaien i Åmsosen. Då måtte dei borda båten ved hjelp av ein lettbåt utanfor Raunesholmen. Bordinga gjekk gale, og tre kvinner og tre menn drukna.

Mange var med og sokna etter dei, og alle seks blei funne. 8. januar 1920 var det gravferd. Alle ligg i same grava, og det er reist ei minnestøtte over dei. - På den tida var det ikkje orgel i Vatskyrkja. Eit kor framførte ein song som var skriven til dette høvet av Ola Stokka.

Søndag 29.desember 2019, kl.13.00, er alle velkomne til ei min-



nemrakering i og ved kyrkja i Vats. Det blir orientering om ulukka, framføring av songen, samtalar og høve til å sjå seg om i kyrkja. På kyrkje-garden blir det kransepålegging ved minnestøtta.

# Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

## Jul og Kristusmesse

Første søndag i advent er nyårsdagen i kyrkjeåret. Det er knytt opp til dei viktigaste hendingane i Jesu liv. Advent er ei forkorting av det latinske: Adventus Christi (Kristi komme).

Nå er det er tid for julekonsertar og oppfrisking av gamle og nye tonar på songar vi sjeldan nyttar elles i året. Lysmesser i kyrkjene med speidara og konfirmantar er ei spennande avveksling som trekkjer mange familiarar til Guds hus. Juleaftan vert benkene fylte i kyrkjene av festkledde familiarar, unge og eldre, som vil starta feiringa med juleevangeliet og dei kjende julesalmane.

Det er noko trygt med tradisjonane. Noko vi kan få føra vidare til nye generasjonar. På gudstenesta julekvelden får heller presten snakka litt høgare og kraftigare så han overdøyver lyden av borna. Det er flott at alle generasjonar kan koma sammen i kyrkja og vi som har vore der mange gonger kjenner igjen teksten: «I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.»

Og presten held fram med å fortelja om gjetarane på marka som fekk høyra englesongen og skunda seg inn til Betlehem der dei fann det unge paret: Maria og Josef, - og det vesle barnet som låg i krubba. Jesus var namnet barnet fekk, men er også kalla: Kristus. For han feirar vi Kristusmesse (Christmas)

Gledeleg Jul til dykk alle.

# Kristine Mæland til minne!

Av Jørgen J. Landa

**Me har det beste igjen! Dette var orda til Kristine som følgde henne og som ho helsa alle med som kom og vitja henne.**

Ho var fødd på Karmøy i 1913 og kom til Blikrabygda for 70 år sidan. Då vart ho gift med Hartvig Mæland – ein misjons- og bedehusmann i alle år. Sjølv var det og misjonen som styrtet henne heile livet. Som sekretær for kvinneforeiningane reiste ho mykje omkring og vitja kvinne-foreiningane på heile Haugalandet. Ja, under krigen sykla ho like frå Nesflaten til Avaldsnes på ein dag! Ho skulle overnatta i Grinde, men ho kom så snart dit at ho kørde like godt heilt heim!

Slik var det ho kom hit og traff mannen sin. Seinare var ho ivrig leiar av misjons-arbeidet i bygda for både liten og stor. Mange har gode minne frå barne-foreninga hennar. Elles var ho eit arbeidsmenneske av



stort format, og ho følgde godt med i det daglege livet i bygda.

Me lyser fred over minnet hennar og seier: På gjensyn!

Tone: Vi synger tida om seirens lønn der hjemme

No er Kristine ei her med oss lenger  
Ho sovna inn – no dagane var talt  
/me no ein minnekrans om henne sender  
og seier freden følgjer over alt! /

I sytti år du følgde med oss kjære  
i alle år du følgde oss så nært  
/I alle år du var oss her så nære  
I alle år me mange minne ser! /

No har til herlegdommen stor du flytta  
Du har igjen fått sjå att mange no!  
/Ja himmelen du har med jorda bytta  
og funne ævedommens sabbatsro! /

Me har det beste att du plar å seia!  
Då livet sluttar her me går til Gud!  
/ Til Jesus som oss alle ynskjer leia  
og me til sist me ser Hans gode bud! /

Fred med dei mange dagar som du gav oss  
Fred med dei mange, mange gode år!  
/I minna ligg dei der og gir oss god los  
og dekkjer over våre opne sår! /

Så ser me fram til gjensynet i himlen  
der me skal møtast aldri skiljast meir!  
/Sjå det er vona her i denne stimlen!  
Me går til Jesus der er våres seir!

28.10.19. jjl

# Julekonsert i Skjold

Den tradisjonelle julekonserten i Skjold kyrkje vert arrangert søndag 15. desember kl. 17.00. Det vert song av julekoret, Sunniva Tveit Gregersen, Vindafjord Soul Children, Vindafjord Soul Kids og Skjold barnekor, Eline Sørhus og Emilie V. Brekke. Billettar blir selde i døra. Alle er hjarteleg velkomne.



Konsert 2015 i Skjold. Illustrasjonsfoto: Mangerud



Hamburgar og snop ga mykje energi for kvelden.

## Hallov - Trusopplæringa og russen

Av Berit Stople

I år inviterte me alle frå 4.-7. klass i heile kommunen til å vere med på Halloven på Vågen byggdasenter. Me i trusopplæringa samarbeidde med russen frå Lundeneset. Me tok oss av det praktiske og russen hadde ansvar for programmet. Det var 70 påmeldte som kom med livlege

kostymer og klare for ein ekte Halloven-kveld. Heile 20 russ sto klar til å lage super stemning når prinsesser, skelelett, cowboyar og mange fleire entra arenaen. Russen samla alle i starten med felles song og andakt. Alle fekk også øve inn og be Herrens bøn i lag, heile to gonger. Det er flott å sjå korleis russen som sat innimellom deltakarane var med å påverke

til ei god stemning under denne felles samlinga! Etterpå vart alle delt i ulike grupper for litt bli-kjent-leik. Russen laga liv og røre med ulike aktivitetar både i og utanfor byggdasenteret utover heile kvelden. Ei speleliste med topp musikk skapte ei leken stemning, mens hamburgar og snop fant fort veg ned i magane og gav mykje energi for kvelden!



Ansiktsmaling



Starten med felles song og andakt

# Diamantkonfirmantsamling i Vats



F.v. Marit Eide Stokka, Anne Lise Døvik, Solveig Eikeland, Elly Indreland Aas, Møyfrid Grindheim, Turid Alvseike, Sissel Stokka Frøland, Torstein Sandvik, Olav Tørresdal, Arnfred Ohm, Oddkjell Sjo, Jon Olav Velde.  
Foto: Inger Gunn Velde.

Av Jon Olav Velde

**60-årskonfirmantane i Vats vart konfirmert 20. sept. 1959 i Vats kyrkje av sokneprest Kåre Time. For 10 år sidan var me gullkonfirmantar – då feira me dette laurdag 17. og søndag 18. oktober 2009. Dette var så kjekt at me hadde lyst å samlast på nytt etter 10 år.**

Nå er det 60 år sidan me vart konfirmert. Me var 21 konfirmantar i alt det året - 3 er døde.

Denne helga var 12 av konfirmanpane + 4 av ektefellane samla til fest. Konfirmantane prioriterte å koma fra Canada, fra Røros, fra Ålgård og elles fra distriktet rundt her. Å koma

heim til si eiga barndomsbygd betyr mykje for dei fleste ser det ut for.

Me starta kl.15.00 ved «Løå på Skarhaugen» i Øvre Vats der me fyrst tok ein rundtur i Vats i minibuss på kjende stader. Me var innom til AF sin Miljøstasjon på Raunes og fekk god info. av arbeidsleiar Jarle Frøland – fyrst inne og deretter ein liten rundtur på området der me fekk sjå dei gigantiske plattformkonstruksjonane som låg klare for opphogging. Alt skjer etter strenge sikkerhetsreglar og miljøkrav.

Etterpå var me til Aurdal til geitefjosen til Nina og Jan Haslemo. Jan var med oss inn dalen til Fjellgardsbakken og fortalte om gardsdrifta si. Så kjørde me ned til geitefjosen

der me fyrst fekk sjå geiteslepp av 4 – 500 geiter. Eit flott syn. Deretter var me inne på ysteriet der Jan fortalte om produksjonen av kvit og brun geitost. Litt av ein kunst å laga gode ostar. Smaksprøvane av ostane var så gode at det resulterte i at det var mange som kjøpte ost med seg.

Etter dette var det tid for fest i Løå på Skarhaugen der Kari og Nore Gjellestad hadde laga eit fint festbort til oss. Det smakte godt med hjortegryte m/tilbehør og karamellpudding til dessert. Her vart det mimring, song, quiz, drøs, biletframvising frå ungdomstida og frå sist samling m.m. Kaffi og kaker utpå kvelden. God stemning heile tida.

Ein kjekk og minnerik dag og kveld.



## Gullkonfirmantar i Imsland

Frå venstre: Berit Hustveit Heggelund, Ingunn Marie Øvregård, Henry Gunnar Hustveit, Inger Karin Hustveit Nybru.

# Fellesrådsleiaren sluttar

Av Trygve Sandvik

**I sju år har Leiv Karsten Medhaug vore leiar for Vindafjord kyrkjelege fellesråd eller Fellesrådet som ein seier til vanleg, men no er det slutt. Ved siste soknerådsval i haust sa han frå seg attval til soknerådet og dermed også til å vera med i fellesrådet for komande periode. Etter lang fartstid med kyrkjeleg arbeid meinte han at tida var mogen for å ta seg ei kvilestund både på grunn av arbeidspress i rektorjobben, og at han hadde fleire periodar bak seg i soknerådet.**

Hyrdingen har teke seg ein tur til Leiv Karsten for å stilla han nokre spørsmål om det kyrkjelege arbeidet han har vore med på særleg innan Fellesrådet. Men før me går inn på desse spørsmåla, må me få med oss litt av fortida til Leiv Karsten.

I 1986 kom han som lærar til Ølen frå Fagernes i Valdres der han hadde vore i sju år. Men han er fødd på Kårstø, og i 5 – 6 års alderen flytta familién hans til Bokn, og der voks han opp. Han utdanna seg til lærar ved Kristiansand lærarhøgskule etter å ha tatt realskule og gymnas på Bryne.

Det gjekk ikkje lenge på Fagernes før han vart innvald i soknerådet, og då han kom til Ølen hadde han ein periode i soknerådet i Fagernes bak seg. I tillegg hadde han vore klokkar i kyrkja der i fem år. Han var såleis godt kjend med dei kyrkjelege organa då han vart vald inn i Ølen sokneråd i 1989.

Leiv Karsten er no 64 år gammal, og han har 33 år bak seg ved Ølen skule der han dei siste 11 åra har vore rektor ved skulen. Han er busett i Vågshagen i Ølensvåg der han og familien bygde hus alt i 1987- 88.

Etter den 1. perioden i soknerådet i Ølen, vart det politikk for Kristeleg folkeparti, og Leiv Karsten var ute av soknerådet i fleire periodar. Men i 2011 vart han vald innatt, og då vart han vald til medlem av Fellesrådet, der han etter 1. året vart formann.

## Oppgåver og økonomi i

### Fellesrådet

Hyrdingen er fullt klar over at det er



Leiv Karsten Medhaug

ein allsidig og røynd fellesrådsleiari som no forlet skuta. Spørsmålet som me først stiller er: Kva slag saker er det som kjem opp i Fellesrådet?

Dette vil vera:

1. Administrative og økonomiske oppgåver til dømes koordinering av budsjettarbeid på vegne av sokneråda. Gjeld bygg, kyrkjegardar og gravplassar.
2. Mål og planar for den kyrkjeleg verksemda med tanke på å tilpassa denne i høve til dei resursar som kommunen stiller til rådvelde.
3. Arbeidsgjeveransvar for dei tilsette som sorterer under kyrkja sitt arbeidsområde–ikkje prestane.
4. Sokna sine interesser i høve til kommunen.

Kva slags saker har vore mest omfattande?

Det har vore ein raud tråd i dei sakene som gjeld planlegging og vedlikehald av kyrkjebygg. Fellesrådet har fått utarbeidd ein tilstandsrapport for alle kyrkjene av ein tilsett ved teknisk avdeling. Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og fleire omfattande synfaringsrundar laga Fellesrådet ein framdriftsplan. Planen har vorte brukt som prioritering ved tildeling av budsjettmidlar til vedlikehald.

Har det vore store diskusjonar om kva for kyrkjebygg som skulle takast

først?

Eigentleg ikkje i Fellesrådet etter som det stort sett har vore semje om å leggja tilstandsrapporten til grunn. Men det har vore mange telefonar ute frå bygdene om at kyrkja i den og den bygda bør malast først. No er alle kyrkjene med unntak av Bjøa malte. Denne skulle ha vore tatt i år, men på grunn av revisor si tolking av kommunen si budsjettloyming til investering, måtte vedlikehald og maling utsetjast til 2020.

Har Fellesrådet fått tildelt nok midlar frå kommunen?

Spørsmålet er neppe eit ja/nei spørsmål, men det må seiast at budsjetta har vore stort sett i samsvar med det budsjettforslaget som har vorte utarbeidd. Tildelinga har vore pårekneleg, og eg vil rosa kommunen for å vera imøtekommende. Men det er klart at det har vore mange ønske fra sokneråda som ikkje let seg gjennomføra. Ordninga med å mala og vedlikehalda ei kyrkje for året har fungert godt.

## Soknerådsval og gudstenesteliv

Det var vanskeleg å få nok kandidatar til soknerådslistene ved sist val. Har du nokre synspunkt på kvifor folk vegrar seg til å gjera ein innsats for kyrkja?

Det er ikkje alle som veit kva arbeidet i soknerådet går ut på, heller ikkje kor mykje arbeid det er. Spørsmål rundt kyrkja kva ho står for, kan og vera at folk er noko reserverte. Kanskje 4 år er ein lang periode. Det kan vel og tenkast at me er for lite synlege blant folk eller ikkje flinke nok til å inkludera folk i kyrkjelydsarbeidet. Mange er aktive på fleire område og har mindre tid til disposisjon.

Det har vore ei innskrenking i talet av gudstenester i kyrkjene i Vindafjord i det siste. Er det økonomien frå statleg hald som er årsak til dette?

Gudstenestetalet er redusert av bispedømerådet. Prestane og organistane har fått meir normalisert arbeidstid slik at det må skaffast vikrar. Arbeidstidsordninga har gjort at det trengst meir ressursar, og desse har ikkje bispedømerådet skaffa.



# Flott haustkonsert i Skjold kyrkje

Av Steinar Skartland

**«Torsdagklubben» sin konsert i Skjold kyrkje om kvelden den 17. oktober var også ei avslutning på soknerådet for Skjold og Vikebygd sitt arbeid, fortalte avtropende leiar i soknerådet, Brit Nelly Ness Tveit. Ho har lagt ned mange år i kyrkja si teneste og leverer nå stafettinnen vidare til nye i soknerådet.**

I kyrkja var det godt frammøte i alle aldersgrupper, sjølv om det også var nokre ledige stolar. Friske rytmar frå orkesteret, som i tillegg hadde med seg eit kor av lokale songarar. Unge som vi har fått lytta til i mange konsertar og arrangement i kyrkja. Det var ein flott konsert der dyktige musikarar fekk utfalde seg i eit breitt spekter av songar og musikkstilar.

Overskotet av denne konserten gjekk til Kirkens Bymisjon sitt arbeid på Haugalandet. Dei seks faste musikarane i Torsdagklubben er: Arne Tveit (tangentar), Berge Thomas Velde (rytme/slagverk), Alf Helge Stendal (gitar), Knut Ståle Storesund (bass) og vokalistane Kjetil Ohm og Gro Marit Larsen. Denne kvelden hadde dei i tillegg med Einar Bakke på piano.

Torsdagklubben har vore med på mykje forskjellig: - musikalar, salmekveldar og bryllaup, «mesten begravelse og slikt som dette her», sa Ingfrid Byrkja Hystad, ein av «vennene» i koret. Torsdagklubben er ein samlande faktor innan musikalsk verksamhet i Skjold og ønskje deira denne kvelden var å nytta kyrkja som arena for å gje alt som finst av bygdefolk anledning til å vera med. Ingfrid



Gro Marit M. Larsen

meinte at mange fleire av dei som sat i benkene kunne vore med i koret. At konserten og musikkstilen fall i smak vart understreka av applausen og gode tilbakemeldingar frå alle som valde å nytta denne kvelden i kyrkja. Profesjonell lyd og lysstyring gjorde også sitt til at kvelden vart ei flott oppleveling.

## Styreformann Hyrdingen, innsamlingsansvarleg Kirkens nødhjelp

Det må også nemnast to andre verv innan kyrkja som Leiv Karsten har: Styreformann for Hyrdingen og ansvaret for den årlege innsamlingsaksjonen for Kirkens Nødhjelp med konfirmantane i Ølen kyrkje. Styrevet i Hyrdingen fekk han for to år sidan, og i den samanheng lyst meg la formannen svara på følgjande utsegn:

Hyrdingen slit med å få inn nok bladpengar til å gi ut bladet. I dei siste åra er det færre og færre som betalar bladpengar slik at summen for kvart år skrumpar inn. Er det manglande interesse for kyrkja og Guds ord som gjer seg gjeldande eller er det slik at folk forventar at Hyrdingen skal liggja i postkassa utan noko yting frå deira side, eller er det innhaldet i bladet som er lite

treffande for folk slik at dette er ikkje noko å betala for?

Folk gløymer seg ut, og dei må minnast på dette. Sokneråda må vera meir aktive med å få inn midlar til bladet sitt. Eg trur ikkje det er noko å seia på innhaldet i bladet, men Hyrdingen er sokna sitt blad. Kvar sokn må vera aktive med å senda inn stoff til bladet. Det vil og visa alt det gode arbeidet som vert drive rundt om i kyrkjelydane våre. Eit kyrkjeblad treng og ein god redaksjon med fleire medlem. Ei stor utfordring no er å finna fleire redaksjonsmedlem. Dei nye sokneråda vert oppfordra til å finna nye medarbeidarar til Hyrdingen frå sine sokn.

## Framtidsvyer

Kyrkja har fått innført trusopplæringsarbeid for alle born og ungdom frå 0 til 18 år. I Vindafjord er det lagt

opp ein god plan. Som lærar har Leiv Karsten kjennskap til kva borna tidlegare på 50- og 60-talet fekk med seg av kristendomsundervisning på skulen. Han ser at kyrkja har mykje å ta fatt i for å koma eit stykke på veg. Utfordringa i dag må vera å erstatte mest mogeleg av det som skulen tidlegare lærde frå seg slik at trusopplæringer og dåpsopplæringer vert sentrale mål for kyrkja sitt arbeid.

Leiv Karsten ser ikkje noko motsett mellom det å gå i kyrkja eller på bedehuset. Fokuset må vera å nå ut med evangeliet til bygdefolket.. Men han har registrert at i dei åra han har vore med i soknerådet har dette endra seg noko slik at det er meir markerte skilje mellom gruppene. Det viktigaste er at me har respekt for kvarandre, at evangeliet vert forkynnt og at me velsignar kvarandre sitt arbeid, avsluttar han.

# VIKEDAL - EI LEVANDE KYRKJE I FØRJULSTIDA

Frå Vikedal sokneråd v/Andreas Andreassen, leiar

Vikedal sokneråd vil gjera kyrkja i Vikedal til ei levande kyrkje i førjuls-tida. Me vil derfor invitera alle interesserte til fleire ulike arrangement i kyrkja vår i julemånaden.

**Onsdag 11. desember** startar me. Då blir det konsert med Åshild Vetrhus, Morten Barrikmo og Andreas Ulvo. Vetrhus er folkesongar frå Suldal, Barrikmo er klarinettist frå Kongsberg og Ulvo er pianist og keyboardist frå Eidskog. Saman vil dei framføra tradisjonelle julesalmar frå Rogaland. Nokre er slike me brukar i jula, men gjerne med andre melodiar, andre er i ferd med å gå i gløymeboka.

Dei tradisjonelle julesalmene frå Rogaland får eit nytt ansikt, blir løfta og fylte med godlyd på deira eigne

premissar. Salmane er henta frå heile fylket, frå Egersund i sør til Suldal i nord.

**Søndag 15. desember** er det høgmesse i kyrkja. Seinare same dag blir det gjensyn og -høyr med Julie S. Andreassen og Lydia H. Helland. Desse to unge damene hadde framføringar i kyrkja som sette varige spor for nokre år attende, og dette året har dei sagt ja til å samlast på nytt, trass at dei no bur på kvar sin kant av landet og er opptatt med fulltids utdanning. Dei stiller med fullt band, og vil framføra det beste frå tidlegare konsertar, samt ein del songar dei ikkje har framført tidlegare. Her blir ei god blanding av det tradisjonelle og det moderne, frå dei mest stillfarne julesalmar til viser med trokk i.

**Onsdag 18. desember** blir det julespel i regi av Hogganvik lands-

by. Landsbybuarane har framført julespel i ei årrekke, og i fjor var det for første gong framføring i Vikedal kyrkje. Dette var så vellukka at me ønskjer dei velkomen til ny framsyning dette året. Julespelet blir ei lågmælt og fredfull stund innan kyrkja sine verdige rammer.

**Torsdag 19. desember** er det skulegudsteneste.

**Fredag 20. desember** syng me jula inn. Dette har blitt ein fast tradisjon i kyrkja, der små og store samlast til ei fredfull og høgtidsstempet stund, med innslag frå lokale artistar og med allsong av tradisjonelle julesalmar.

Julemånaden i Vikedal kyrkje blir avrunda med julekveldsgudsteneste 24. desember.

For nærmere informasjon om tids-punkt og liknande, sjå plakatar i butikkar i nærområdet og på soknet sine Facebook-sider.

## FRÅ KYRKJEBOKA

Døpte		Døde
<b>Bjoa</b>	27.10.2019 Marie Hundhammer 27.10.2019 Marie Hundhammer 03.11.2019 Ingeliv Klette Steinsland	30.09.19 Karen Oddlaug Nymark f. 1940 12.11.19 Gunnbjørg Johanna Eikehaugen f. 1923
<b>Imsland</b>	10.11.2019 Selma Espe Fatland	
<b>Ølen</b>		02.10.19 Martha Kristine Dyngen Røed f. 1929
<b>Sandeid</b>	27.10.2019 Thea Bakkedal Grønnestad	27.10.19 Bjarne Vestbø f. 1944 08.11.19 Jarle Kaldheim f. 1959 05.11.19 Inghild Auestad f. 1930
<b>Skjold</b>	20.10.2019 Filip Strømme 10.11.2019 Olav Torsteinbø 10.11.2019 Ina Vinje Eidsheim 10.11.2019 Johannes Tveit 10.11.2019 Viktor Molland	26.10.2019 Bjørg Johansen f. 1942 02.11.2019 Anna Frøyland f. 1926
<b>Vats</b>	06.10.2019 Sander Eikeland 06.10.2019 Sofie Eikeland 06.10.2019 Liam André Wollertsen Kleppe 03.11.2019 Aksel Nordtveit 03.11.2019 Lars Anders Tørresdal	29.10.2019 Kristine Mæland f. 1913
<b>Vikedal</b>	13.10.2019 Ravn Fenne Nyvoll 17.11.2019 Oscar Helland Leifsen	18.10.2019 Alva Eikeland Nes f. 2019

### Halloween og jul i 2019

Tekst: Anne Lise Brekke Lien 16.10.2019  
• anne-lise-brekke.net

1. Eg går i lekebutikken - og overgitt eg ser,  
Spøkelser, djevler og hekser, så rått dei mot meg ler  
Og adventskalenderar drukna dei i,  
Det er sjokolade dei barnå vil gi...  
Så stallen i Betlehem - den er passe,  
Kim trenge vel himmelens julefred ?

2. Folk meina det er så uskyldig, Litt masker, nifst og spøk  
Me smile når små skjeletter, på trappa gir besøk  
Men - ler me når skrekkfilmar moroen blir ?  
Når sinn blir formørka og «moroen» svir ?  
Når unge gir opp - og livsgleden dør  
Nei - psyken te unge er ei som før...

3. Det er ein åndelig verden, som øyet ikkje ser  
To riker er med på ferden, dei ofte ut seg kler  
I spindelvevet blir fluene lurt,  
Dei sitte fast og det er ganske surt...  
Må ha mirakel om dei skal bli fri,  
Mirakler skjer og i denne tid

4. Sjøl om me er moderne, ein dyre pris det blir  
Om landet fra Gud seg fjerne, det følger får som svir  
Et byggverk trenge et trygt fundament,  
Som hjørnestinar og tro som sement  
La Jesusbarnet og stallen bli med,  
La englar synga om himmelsk fred

5. Det var visst ei gammal læре, Ei gammal bibelbok  
Det er visst ein som vil være - vår lykt og lys for fot  
Så barnebibel og stallen må fram,  
Lær barnå vegen te himmelens land,  
Still inn kompasset for liten og stor  
Og ta ditt ansvar som far og mor

# STØTTEANNONSER

LUNDENESET VGS  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

Vi er en del av NLMvgs

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**Knaphus** B i l

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus**  
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



**GRANBERG**  
**GARVERIA**

Bjøavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)



Julekonsert i Imsland kyrkje  
Søndag 22. des. kl. 20:00

Julemusikk med Dorothea Økland, Håvard Ersland  
og Imsland skulekor

Hjarteleg velkomme til julekonsert med Håvard Ersland  
og Dorothea Økland i Imsland kyrkje den 22. desember.  
I tillegg til å ha med skattar frå den kjende og  
kjære julemusikken, har me også med oss ny og fin  
julemusikk som me skal framföra med eit fantastisk kor  
med elevar frå Imsland skule, og slik sørge for at jule-  
stemninga set seg hos alle nå før jul...

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå  
har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei,  
eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)



## STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro

Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



Arbeid og Inkludering



Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www.olenbetong.no)



**-tsrevision-**

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevision.no](http://www.tsrevision.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

**SpareBank**  
SR-BANK

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje/Stad	TID	Informasjon	Preiketekst
08.12.2019	Vikebygd kyrkje	17.00	Lysmesse Takkoffer: Norges KFUM-Speidere	Joh 14, 1-4
08.12.2019	Sandeid kyrkje	18.00	Lysmesse Takkoffer	Joh 14, 1-4
08.12.2019	Skjold kyrkje	19.00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 14, 1-4
15.12.2019	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Redd Barna	Matt 11, 2-11
15.12.2019	Ølen kyrkje	17.00	Lysmesse ved konfirmantane Takkoffer: Blå Kors i Norge	Matt 11, 2-11
24.12.2019	Vikedal kyrkje	13.30	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Bjoa kyrkje	13.30	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Skjold kyrkje	13.30	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Vats kyrkje	15.00	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Ølen kyrkje	15.00	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Imsland kyrkje	15.00	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Ølen kyrkje	16.15	Julaften/Familiegudsteneste Song ved Dagny Christophersen og Rune Rødne Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Sandeid kyrkje	16.30	Julaften/Familiegudsteneste Julaftengudsteneste Takkoffer:	Luk 2, 1-20
24.12.2019	Vikebygd kyrkje	16.30	Julaften/Familiegudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2, 1-20
25.12.2019	Skjold kyrkje	12.00	Høgtidsgudsteneste 1. juledag. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 1, 1-14
25.12.2019	Ølen kyrkje	12.00	Høgtidsgudsteneste 1. juledag. Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet	Joh 1, 1-14
25.12.2019	Imsland kyrkje	17.00	Høgtidsgudsteneste 1. juledag. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 1, 1-14
31.12.2019	Vats kyrkje	23.00	Kveldsgudstjeneste. Takkoffer: Hyrdingen	Luk 13, 6-9
01.01.2020	Vikedal kyrkje	12.00	Høgtidsgudsteneste Takkoffer	Luk 2, 21
05.01.2020	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Bibelselskapet	Matt 2, 1-12
05.01.2020	Sandeid kyrkje	11.00	Familiegudsteneste med utdeling av konfirmantbibel Takkoffer:	Matt 2, 1-12
12.01.2020	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid	Matt 3, 13-17
12.01.2020	Imsland kyrkje	11.00	Familiegudsteneste med Utdeling av bibel Takkoffer:	Matt 3, 13-17
12.01.2020	Vats kyrkje	17.00	Familiegudsteneste Takkoffer: Bibelselskapet	Matt 3, 13-17
19.01.2020	Vikebygd kyrkje	11.00	Familiegudsteneste Takkoffer: Bibelselskapet	Joh 2, 1-11
19.01.2020	Vikedal kyrkje	11.00	Familiegudsteneste med utdeling av bibel Takkoffer	Joh 2, 1-11
19.01.2020	Ølen kyrkje	16.00	Familiegudsteneste Samarbeid med Show It Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 2, 1-11
26.01.2020	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Normisjon	Luk 18, 35-43
26.01.2020	Brandøy	11.00	Familiegudsteneste saman med 5. klassingar på Brandøy Takkoffer: Brandøy	Luk 18, 35-43
02.02.2020	Imsland kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer	Mark 2, 1-12
02.02.2020	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Mark 2, 1-12
09.02.2020	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Kristen Idrettskontakt - KRIK	Luk 8, 4-15
09.02.2020	Vikedal kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer	Luk 8, 4-15
09.02.2020	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste NMS - Roar Vik Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Luk 8, 4-15
16.02.2020	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste Takkoffer: Søndagsskulen(Haugal/sunnh.krets)	Matt 17, 1-9

Gudstenestene julaftan i Skjold, Vats og Vikebygd er ei 3-årig rullering mtp. tidspkt.

### Skulegudstenester blir flg. dagar:

Bjoa: 11.12. kl. 09:00; Ølen: 13.12. kl. 09:00; Skjold: 13.12. kl. 10:00; Sandeid: 18.12. kl. 09:30; Ølen: 19.12. kl. 09:00;  
Vikedal: 19.12. kl. 09:00; Vikebygd: 19.12. kl. 10:00; Imsland 19.12. kl. 11:00

Sjå meir informasjon på: vindafjord.kyrkjer.no

**“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)**

Nye sokneråd vert presenterte i neste nummer. Leiarar, sjå side 2.



**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)

**Kirkens SOS**  
**22 40 00 40**

**SOS-melding:** [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 13. februar.  
Frist for levering av stoff er  
18. januar 2020.

# MØTE OG ARRANGEMENT

## Kyrkjelunet i Ølen

05.12. torsdag	11:00 Torsdagstreff
05.12. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
06.12. fredag	19:00 Adventsamling
08.12. søndag	16:00 Kafé og Show it-samling
13.12. fredag	17:00 Vindafjord Soul Kids
13.12. fredag	18:00 Klubben 5.-7. klasse
13.12. fredag	20:00 Credo
14.12. laurdag	16:00 Førjulssamling Internasjonalt treffpunkt
07.01. tirsdag	19:00 Strikkekafe på loftet
10.01. fredag	20:00 Credo
16.01. torsdag	19:30 Temakveld ved Israelsmisjonen
17.01. fredag	18:00 Bønnemøte
17.01. fredag	19:30 Fellesskap på tvers
24.01. fredag	20:00 Credo
26.01. søndag	11:00 Familiegudsteneste Brandøy
04.02. tirsdag	19:00 Strikkekafe på loftet
07.02. fredag	20:00 Credo
07.-09.2.	NMS helg
12.02. tirsdag	19:30 Damenes aften
14.02. fredag	18:00 Bønnemøte
14.02. fredag	19:30 Fellesskap på tvers
21.02. fredag	20:00 Credo

## Vågen bedehus

05.12. torsdag	19:30 Møteveke. Tale: Tor Ingvald Lauvrak
06.12. fredag	19:30 Møteveke. Tale: Tor Ingvald Lauvrak
07.12. lørdag	17:00 Generasjonssamling/Møteveke. Tale: Tor Ingvald Lauvrak.
08.12. søndag	11:00 Søndagsskulen
08.12. søndag	19:30 Søndagsmøte/Møteveke. Tale: Tor Ingvald Lauvrak
9.12. mandag	18:00 Yngres
10.12. tirsdag	20:00 Laget Gneisten - NKSS
11.12. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
14.12. lørdag	20:00 Loftet Juleavslutning
15.12. søndag	11:00 Søndagsmøte Talar: Geirmund Monsen
18.12. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
24.12. tirsdag	15:00 Høgtidsmøte Talar: Rune Espesvik
28.12. lørdag	17:00 Julefest Andakt: Ingebjørg Tellnes Brekke
5.1. fredag	19:30 Lese- og delekveld
8.01. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
12.01. søndag	11:00 Søndagsmøte, Vågen bedehusfors. Talar: Arne Borgemyr
14.01. tirsdag	17:30 Jentelaget og guttelaget
15.01. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
16.01. torsdag	19:30 Temakveld Israelsmisjonen (Kyrkjelunet)
19.01. søndag	11:00 Søndagsskulen
19.01. søndag	19:30 Nattverdmøte
21.01. tirsdag	19:30 Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
22.01. onsdag	19:30 Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
23.01. torsdag	19:30 Møte (Kyrkjelunet), Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
24.01. fredag	19:30 Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
25.01. lørdag	17:00 Generasjonssamling/Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
26.01. søndag	11:00 Søndagsmøte/Møteveke. Talar: Nils Kåre Strøm
26.01. søndag	19:00 Årsmøte for Vågen bedehus
28.01. tirsdag	18:00 Jentelagsbasar Andakt: Ivan Underhaug
29.01. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
02.02. søndag	11:00 Søndagsskulen
02.02. søndag	19:30 Dele- og lesekveld
05.02. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.
07.02. fredag	20:00 Temasamling - "Oppgaver og nådegaver", innleiing: Ruth Fosse
09.02. søndag	11:00 Søndagsmøte Talar: Georg Mork
11.02. tirsdag	17:30 Jentelaget og guttelaget
12.02. onsdag	19:30 Årsmøte for Vågen bedehusforsamling
16.02. søndag	11:00 Søndagsskulen
16.02. søndag	19:30 Søndagsmøte, Vågen bedehusfors. Talar: Håvard Brekkå
19.02. onsdag	19:30 Basar, Sjømannskirka, Andakt: Dagfinn Misje
23.02. søndag	11:00 Søndagsmøte Talar: Øivind Solheim
26.02. onsdag	19:30 Bønnemøte, Vågen bedehusfors.

## Bedehusa i Vats

07.12. laurdag	12-14 Øvre Vats: Juleverkstad/adventkos
08.12. søndag	11:00 Kårhus: endeleg søndag
11.12. onsdag	19:00 Øvre Vats: Flymisjonen
07.01. tirsdag	19:00 Kårhus: Bønnemøte
08.01. onsdag	19:00 Øvre Vats: NMS
15.01. onsdag	19:00 Blikrabygda: Godt Nytt
18.01. laurdag	18:00 Kårhus: Nyttårsfest
19.01. søndag	19:00 Kårhus: Endeleg søndag
21.01. tirsdag	19:00 Kårhus: Bønnemøte
22.01. onsdag	19:00 Kårhus: NLM
29.01. onsdag	19:00 Øvre Vats: Normisjon
22.01. onsdag	19:00 Kårhus: NLM
04.02. tirsdag	19:00 Kårhus: Bønnemøte
05.02. onsdag	19:00 Blikrabygda: Muslammisjon
10.02. mandag	19:00 Kårhus: Årsmøte Arken
12.02. onsdag	19:00 Kårhus: Indre Sjø
17.02. mandag	19:00 Kårhus: Årsmøte KB
18.02. tirsdag	19:00 Kårhus: Bønnemøte
19.02. onsdag	19:00 Øvre Vats:NLM
23.02. søndag	11:00 Kårhus: Endeleg søndag

## Sandeid bedehus

09.12. mandag	19:00 Bønnemøte
16.12. mandag	19:00 Bønnemøte
23.12. mandag	19:00 Bønnemøte
28.12. mandag	18:00 Juletrefest
30.12. mandag	19:00 Bønnemøte

## Vikebygd bedehus

### Filmkveld på torsdag 12.12 kl. 18:00

#### Julefilmen "The Star"

For alle, men dei under 7 år i følgje med voksen (sjå plakat)

27.12. fredag	Tradisjonell juletrefest for alle (sjå plakat)
16.01. torsdag	19:30 Møte med DISM v/Georg Kallevåg
30.01. torsdag	19:30 GladSong
13.02. torsdag	19:30 Møte
27.02. torsdag	19:30 Møte med IMS v/Olav Eikemo



## Vats Søndagsskule

### Juleverkstad på Øvre Vats bedehus

#### laurdag 7. des. kl. 12.00

Andakt, graut og aktivitetar.

Vats søndagsskule v/Synnøve W. Stødle

## Vats pensjonistlag

møte 28.jan. 2020 på Nesheimtunet. Kl 17.-19.30. Besøk av Jone Hatteland. Anny og Kristian kjem med song og trekkspel. Matpause og åre-trekking. Årsmøtesaker til slutt. ALLE VELKOMMEN.

## FamilieKRIK

8. desember: Samling i Skjold Arena klokka 16.30-18.00

Skiweekend til Gullingen: 27.-29. mars 2020

## Brandøy misjons- og konferansesenter, Bjoa

### Leiroversyn for Brandøy i vinter • [www.brandoy.no](http://www.brandoy.no)

6.-8. desember Adventsleir (5.-7. klasse)

7.-9. februar: Damehelg

21.-23. februar: Brandøytreff (tilrettelagt for voksne med utviklingshemming)

6.-8. mars: Tweensweekend (5.-7. kl.)

20.-22. mars: Juniorhelg (4-9 år)

3.-7. april: Påskefestival (8. kl. + )

## 60+ treff i Skjold kyrkje våren 2020

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen. I vår blir det desse torsdagane: 30.jan, 27.febr., 26.mars og 30.april. Alle dagar kl.16.00-18.00. Kjell Arne Medhaug blir med på januarmøtet. Her blir prat med kaffi og litt attåt. Sjå plakatar. VELKOMMEN!!

# Gullkonfirmantar Skjold



Jubilantane saman med neste års konfirmantar.

Av Berit Mortveit Listog

Helga 24. - 25. august var Skjoldakonfirmantar anno 1969 samla til feiring og mimring over at det var 50 år sidan konfirmasjonen. I 1969 var det 37 konfirmantar i Skjold, og nokre av desse kom frå det som den gongen heitte Søra Skjold, altså Grinde/Våg. Nå er 34 gjenlevande. Me «gjekk for presten» ein gong i veka, på ettermiddagstid heile sommaren, og sat på dei fremste benkene i gamlekyrkja, medan presten underviste om kristentrua. Skjold prestegjeld hadde «presteskifte»

denne sommaren: Sokneprest Time hadde slutta, og me hadde vikarprest Magnus Sæveraas før nyepresten Per Konrad Hansen overtok sokneprestembetet og undervisninga. Konfirmasjonsdagen, 7. september var det flott ver, og godt og varmt i den fullsette kyrkja. Me vart utspurde om det me hadde lært: Presten gjekk nedover midtgangen og spurde ein og ein der me stod oppstilte, -men heldigvis hadde me hatt generalprøve og fått vita spørsmåla på førehand!

Jubileet vart todelt, med festleg samvær i Trovåg laurdagskvelden. Her var rikeleg anledning til å helsa på

gamle kjende og friska opp gammalt vennskap. Det er noko eige med dei som ein har kjent sidan ein var barn, - og fleire av oss var inne på at me nok burde ha fleire jubileum!

Søndag føremiddag var det nesten fullsett kyrkje i Skjold, også fordi dei nye konfirmantane skulle presenterast denne dagen. Me «gamlekonfirmantane» fekk høye til å fortelje litt om korleis konfirmasjonen føregjekk i gamle dagar, og me fekk vera med og tenna lys for dei som nå startar konfirmasjonstida si.

Ei fin og meiningsfull markering!



Frå venstre: 1.rekkje: Anne Grethe Meland, Audny Frøyland Hjelmeland, Synnøve Håkull Steinnes, Berit Mortveit Listog, Eli Sundfør Skarestad, Marit Nådland Mortveit. 2. rekke: Øyvind Haraldseid, Geir Øystein Håkull, Magne Risanger, Astrid Kalstveit, Åse Rørtveit Ersland, Reidar Skjold, Andreas Urdal, Norleif Fjeldheim. 3.rekke: Geir Olav Frøyland, Magny Sundfør Erdal, Jostein Breivik, Jakob Alfred Haraldseid, Asbjørn Hammer.